



# Kyrkjebladet for **VAKSDAL**

69.ÅRG. / NR. 3 - 2016



**Frode Vik**  
**ny vikar**

Side 4-5

**Vegen**

Side 7, 8, 9  
og 10

- Andakt side 3
- Slekters gang side 15
- Gudstenestelista side 16

## DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

### Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

### Ekspedisjonstid:

**Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00**

### Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Mobil 97 69 75 62

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

### Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Mobil 90 84 06 24

E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no

### Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen  
og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

### Trusopplærar

#### Kristin Straume Audestad

Mobil: 95 76 63 79

E-post: kristin.audestad@vaksdal.kyrkja.no

### Organist (vikar) Frode R. Vik

Mobil: 95 26 20 84

E-post: frode.vik@vaksdal.kyrkja.no

### Kantor (vikar) Natalia Medvedeva

Mobil: 477 17 931

E-post: natalia.medvedeva@vaksdal.kyrkja.no

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester,  
konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på  
[www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)

### GATEADRESSER:

**Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065

**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1

**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014

**Eksingedalen kyrkje:** Sordalsvegen 10

**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31

**Stamnes kyrkje:** Grupevegen 19

**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34

*Framsidedeilete: Kor går livs- og trusvegen din vidare? Foto: Kristin S. Audestad.*

## «Tidi ho renn som elv mot oss, fort skiftar sumar med vetter»

Var ei songstrofe som slo ned i meg her om dagen. Det er ikkje so ofte eg er i det nasjonalromantiske hjørna, so den har blitt hengande fast. Eigentleg litt slitsamt med songar på hjernen, spesielt dei som har so mange vers. Eg trur at songen er gammal, og den var sikkert skriva på ei tid dei ikkje hadde høyrte om klimakrise og ekstremvær. Den gongen det var sumar i Noreg. Kvifor skal ordet ekstremvær vera einstyndande med store nedbørsmengder? Kunne me ikkje heller ha fått ein ekstrem fin sumar??

Denne sumaren har gått skrekkeleg fort. Eller sumar og sumar. Me som for det meste har vore på Vestlandet har jo regna vekk. Eg såg for meg lange solrike kvelder, bading, grilling og få ein fin raudfarge på ein elles vinterbleik kropp. Utsiktene såg svært gode ut. Ja eg var reint lystig då eg starta på ferien i juli. Men der stoppa det. Eg meiner når varmpumpa går store delar av sumaren fordi det er for kaldt, då får eg ikkje sumarfølelsen. Når badebuksa har vore framme 2 gongar i løpet av sumaren, og begge gongane bada eg i innandørs basseng, då er det ikkje sumar. Når eg berre har grilla ein gong ute i heile ferien, og solkremen ikkje har vore i bruk ein einaste gong, då er sumaren 2016 avlyst. Men eg er optimist, eg lever i håpet. Me får sikkert ein flott haust. «ja for det kjem jo fine dagar om hausten også» seier folk. Det er berre eit problem med det. Fine haustdagar er fantastiske, men det er ikkje sumar. Heldigvis har eg ei ferieveke att. Den veka skal eg sørover. Langt, laaangt sørover.

Eg trur at resten av kyrkjebladet er mykje meir positivt.

Nyt det, og god haust!

### Bjart-Magnus N Rosvold

#### Fellesrådsleiar:

Odd Arild Faugstad

tlf. 952 65 989

e-post: oddfau47@gmail.com

#### Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Grethe Loftheim Dale

tlf. 992 68 128

Dale: Eli Kringlebotten

tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925

Bergsdalen: Herborg Holt Lid

tlf. 454 65 977

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Kjersti Vettlejord Børø

tlf. 56 59 64 19 / 957 01 608

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim

tlf. 930 54 636

#### Den norske kyrkja si heimeside:

[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)

#### Björgvin bispedømme

#### si heimeside:

[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)

#### Bibelen på nett: [www.bibel.no](http://www.bibel.no)

#### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 200,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

#### Bladstyrar:

Kyrkjeverja i Vaksdal

#### Grafisk utforming:

VaksdalPosten

#### Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,  
boks 113, 5721 Dalekvam

#### Eksp. og trykk:

Riss Grafisk AS,

5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50

**Retur til:** Kyrjekontoret  
for Vaksdal, Pb. 113,  
5721 Dalekvam

**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 7. november.**

# Ta vare på hjartet

«Ta vare på hjartet framfor alt, for livet går ut fra det»

Ordtaka 4.23

Vi lever i ei tid då mange er opptatt av helsa si. På mobiltelefonane er det komen ei helseapp som automatisk teller antall skritt du går, og kor mange trapper du går opp og ned i løpet av dagen. Dei nye elektroniske klokkene tek pulsen din. Ting kan målast kontinuerleg og rapport sendast direkte til fastlegen din. Det kan gi ekstra tryggleik. Reklamen forer oss med all verdens slankemidler og kosttilskudd. Vitaepro, det funker jo, har vi fått høre. Det er viktig å tenke på helsen, og hjer-teproblemer kan ein lett få av eit liv der ein i arbeid sit mykje stille for så å kjø-re heim og sitje i sofaen og sjå på favorittsporten på TV. I sommar har det vore rikeleg anledning til det med både fotball-EM og OL samt grisever ute. Vi veit at det er viktig å ta var på blodpumpa. For ho sender livgivande blod gjennom årane ut til heile kroppen med næring, og blodet renser og tek med seg slaggstoffene attende. Vi veit at når renovasjo-nen streiker vert det fort ille. Avfallet må bort så ting ikkje stopper seg til.

Me bruker hjartet og som eit bilete på personlegdo-men vår og livet i oss. Det er ikkje berre det fysiske hjartet me treng å ta vare på, men og sjelen. Sjølve kjærleiken. Korleis tek du vare på hjartet ditt? Kjær-leiken må og trimmast og haldast ved like. Sjølv om eg sa til kona for 20 år sidan at eg er glad i ho, og at

det gjeld fortsatt, så trur eg ho set pris på å høyre det litt oftare. Ein vert ikkje sjølv sprekare av å sjå på an-dre som vinn gull, sølv eller bronse. Du må faktisk gjere noko sjølv. Kome seg opp av sofaen og bry seg. Kva og kven er viktig for deg? Barn og barnebarne-barn ligger nær å bry seg om. Nestekjærleiken hand-lar om å sjå dei som treng ei hjelpande hand både nær oss og ute i verda. Kor kan eg bidra med min

innsats? Motivasjonen må vere hos dei som treng vår kjærleik, men samstundes har det den sideeffekten at du då tek vare på livet i deg sjølv. Livet vårt går ut frå hjartet. Det handlar om å kunne glede andre med å gi, men og med å ta imot. Kjærleiksblo-det strøymer to veger. Nokon treng ei blomst og oppmuntring, nokon treng tilgjeving, nokon treng ei handsrekning og brød på bordet.

Nokon er einsame og at det kjem ein som ser til dei. Vi kan ikkje profe-sjonalisere bort kjærleiken. Ho og han som gjev av sin omsorg, pengar og tid får stadig meir å dele. Det fører til eit overskudd bokstaveleg tala. Så er frelsen ikkje å gjere gode gjerningar. Men ho og han som har tatt imot Guds frelse har fått del i evigheten, og har såleis fått ein uendelegheit av kjærleik å ause frå. Ta vare på hjartet ditt framfor alt, for det er sjølve livet. Amen.



*Med venleg helsing  
sokneprest Edvard Bø*



## ID-porten

Innlogging til offentlige tjenester

# Inn- og utmelding

Gjennom ID-porten kan du logge deg på Den norske kirkes medlemsregister og se om du er oppført som kirkemedlem.

Påloggingen gjennom ID-porten gir tilgang til oppføring i Den norske kirkes medlemsregister knyttet til det personnummeret som brukes til pålogging. Påloggingen gir også mulighet for endring av medlemskapsstatusen (innmelding eller utmelding). Det er ikke mulig å sjekke opplysninger for andre enn seg selv. Dette betyr at dersom foreldre/foresatte ønsker å sjekke sine barns medlemskapsstatus og eventuelt gjøre endringer, må de kontakte sitt lokale menighetskontor og eventuelt bruke eget skjema

(som man finner nederst på denne nettsiden).

Det er dåpen som gir medlemskap i kirken. Personer som ikke er døpt, skal ikke stå som medlemmer i Den norske kirke. Man kan ikke samtidig være medlem både av Den norske kirke og av et annet trossamfunn. Personer som flytter til Norge, blir medlemmer av kirken ved dåp, eller ved innmelding dersom de er døpt i et annet kirkesamfunn (enten dette er i Norge eller i et annet land).

Kirkens medlemsregister er viktig i menighetsarbeidet fordi det brukes ved presentasjon av kirkens tilbud til relevante aldersgrupper. Registeret er grunnlaget for utarbeidelse av kirkelig valgmannstall som benyttes ved forberede

delse og gjennomføring av kirkevalgene. Man må være oppført i medlemsregisteret for å kunne stemme ved kirkevalg, for å være kandidat ved kirkevalg og for å kunne ha andre kirkelige tillitsverv. Det kreves også kirkemedlemskap for den som vil bli ansatt i Den norske kirke.

Den norske kirke mottar ikke offentlig støtte per medlem. Kirken mottar støtte over statens og kommunenes budsjetter ut fra kirkepolitiske føringer i Statsbudsjettet og kommunenes forpliktelser i henhold til kirkeloven. Variasjoner i antall medlemmer i Den norske kirke påvirker ikke kirkens budsjetter direkte.

**Denne artikkelen er henta frå [www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)**

## Utvida kyrkjekontor

Om lag 20 år etter at Kyrkjekontoret vart etablert i Messo på Dale har alle tilsette knytt til kontoret fått plass der.

Dei første om lag fire åra hadde prest og sekretær kontor i den austre delen av 1. høgda, men i 2000 flytta heile kontoret til den andre delen, der Dr. Hegge heldt til før. Då vart det og plass til kyrkjevevja. Og det tidlegare venterommet vart til møterom. Vaksdalsprestane har hatt sitt kontor i bustaden sin på Vaksdal, og organistar/kantorar i heimen. I tillegg har det vore kontor med ein skrivepult i Vaksdal og Dale kyrkjer. På Kyrkjekontoret er det og ein pult/arbeidsplass som vart nytta av kontorfullmektig når me hadde det, og seinare av trusopplærar og andre som var på kontoret for å jobbe.

No er endeleg alle kontora samla i Messo. Det vil seie at til venstre når ein kjem inn i gangen - der Kulturskulelen heldt til før - er det no kontor for Bø heilt innerst, og eit felles rom med ein arbeidsplass for trusopplærar og ein felles arbeidsplass for dei to kyrkjemusikarane. Rett fram - slik som før - er det kontor for Kvamsøe og kyrkjevevja samt ein arbeidsplass for dei som er innom og treng ein arbeidsplass. Og for ein vonleg framtidig kontorfullmektig.

## Kilden

No når kantor Tone Synnøve har reist til Molde står koret Kilden utan dirigent. Det er likevel funne ei førebels løysing ved at hennar mann, Olav Arne, tek over den jobben inntil vidare. Han er framleis kantor i Arna, men har vore med i koret på fritida si i fleire år - og er no altså engasjert som dirigent for koret.

## Kyrkjekafé i Eksingedalen

Nesheim sokneråd står bak ein ny møteplass for dei som bur i Eksingedalen. Dei skipar til Kyrkjekafé på Markhuset, som ligg mellom Nesheim og Brakestad. Markhuset er ein liten leirstad som i si tid vart etablert av St. Markus kyrkjelyd i Bergen. Der innbyr soknerådet til fellesskap, med mellom anna pizza, andakt og brettspel nokre laurdagskveldar. Før sommaren har det vore to slike samlingar, og den neste vert

**Laurdag 24. september kl. 20.00.**

Seinare datoar vert annonsert etter kvart.



## KonfirmantJUBILEUM

**Vaksdal:** Søndag 2. oktober. Gudsteneste kl. 11.00.

Festsamkome for 50-årskonfirmantane med fylgje i bedehuset etterpå

**Dale:** Søndag 9. oktober (NB: Datoen). Gudsteneste kl. 11.00. Festsamkome for 50- og 60-årskonfirmantane med fylgje i bedehuset etterpå.

**Stamnes:** Laurdag 15. oktober. Fest i bedhuset kl. 18.00 for 50-årskonfirmantane, årets konfirmanntar og dei som elles vil koma.

# Den andre kantorvikaren

Kantor Tone Synnøve Øygard Steinkopf har nett gått ut i eitt års permisjon for å vere domkantor i Molde, og Frode Raymond Vik er tilsett som vikar. Han byrjar i jobben 5. september.

Frode er 43 år, og vaks opp i Vik i Stamnes. Der har han budd der det meste av livet, med unnatak av om lag 15 år på Voss.

- Frå 1991 hadde eg fleire vikariat som organist i Voss, men sidan 1997 har eg vore fast tilsett - for det meste i 70% stilling. Primært har eg spela på Bolstad, Evanger og i Raundalen, men og i Vangskyrkja innimellom, til gudstenester, vigslar og gravferder. Det vil seie: på Voss er dei fleste gravferdene frå Vonheim. No skal han ha permisjon frå stillinga si i Voss.

Frode har delteke på mange konsertar på Voss, men har og arrangert konsertar - gjerne saman med ein songsolist. Her hos oss har han ofte spela til Dale Mannskor, og hatt konsertar og oppdrag saman med Hege Eide Vik.

På spørsmål om sin musikalske smak svarar Frode at det helst er 80-talsmusikk det går i, det var den han vaks opp med. Eller «pop og puddelrock», som han sjølv kallar det.

- Det går mykje i metal, pop, standard jazz, elektronika, seier Frode. Han har jamvel eit eige band som spelar 80-talsmusikk, «Xposed». Der spelar han gitar, og dei brukar langhåra parykkar som ein del av image. - Eg har og nett blitt med i eit band på Voss, der eg spelar keyboard. Då er det metal-musikk det går i. Bandet er så nytt at me har ikkje ein gong fått namn.

- Ei tid lurte eg på om eg måtte velje vekk eit av instrumenta for å satse heilt



Frode R. Vik.

på det andre, men har funne ut at deg går an å spele både gitar og orgel utan at det eine går ut over det andre.

*Eg byrja å spele orgel i Vaksdal kommunale musikkskule. Det var Lars Ragnvaldsen som hadde undervisinga, og han har hatt ein sær god og inspirerende påverknad på meg.*

Å bli «beten av basilla» er vanlegvis ikkje så bra men for Frode sin del vart han

biten av orgelbasilla i ung alder.

- Eg byrja å spele orgel i Vaksdal kommunale musikkskule. Det var Lars Ragnvaldsen som hadde undervisinga, og han har hatt ein sær god og inspirerende påverknad på meg. Me var fleire som starta opp med orgelspeling i musikkskulen hausten 1985, og me var samla i ei gruppe. Året etter fekk me tilbod om å prøve oss på kyrkjeorgel, og fleire av oss gjorde det. Då var det gjort for meg. Før eg fekk Lars som lærar lika eg ikkje ein gong korkje klassisk musikk eller orgel.

Etter kvart fann eg ut at orgelspeling kunne bli mitt yrkesval og noko eg kunne leve av. Eg hadde eit år med studiar, men etterpå valde eg å heller ta jobbane eg fekk enn å studere.

Frode er såleis ikkje kantor, og vil for det meste verte omtala som kyrkjemusikar eller organist.

**Intervju/tekst:  
Frode Kvamsøe**

# Min salme

A velja "min salme" var ikkje lett; det er så mange fine salmar. Eg landa på denne fordi eg tykkjer tekst og melodi vandrar så fint saman, og fordi den skildrar det sårbare livet og den sikre døden på ein så fin måte. Songen er omsett frå svensk av Anders Hovden. Før vart den sunge på melodien "jeg skulle ei sørge". Bjørn Eidsvåg laga ny melodi i 1969, og det er denne eg tykkjer er så fin. Songen vart skriven i 1890, men budskapet er like aktuell i dag.

Tidlegare i år lærte eg og fleire andre i familien denne salmen utanåt. Den er på ein måte vorte heile familien sin salme. Fyrste gong eg "oppdaga" songen i sin heilskap er mange år sia. Det var på ei føremiddagssamling i eit bedehus ein annan stad i landet. Eg hugsar det var haust, og ei litt eldre dame ville syngja denne songen. Ynsket vart ikkje så veldig varmt velkoment; det var då hausten, denne kunne me venta med å syngja til våren kom og blomane blømde. Det var då eg ville finna ut kva songen eigentleg handla om. For den handlar ikkje berre om ein liten blome.

Den vesle blomen i skogen er det einskilde menneske som Gud ser til. Han legg ikkje berre merke til dei som hevdar seg på ulikt vis. Gud ser oss og bryr seg om oss same kor små og hjelpelause me kjenner oss. Gud har skapt oss ulike, og me har kvar våre oppgåver på ulike stader. For oss menneske er det kanskje ikkje alltid lett å godta dette. Me er så "gode" til å samanlikna oss med andre; me vil gjerne gjera noko som syner. Men Gud treng nokon som jobbar "i kulissene" også. Me kan læra noko av skogblomen som trivst best mellom ringe og små.

Som menneske kan me sjå blomen når den blømer om våren, me ser den står fint om sommaren, og om hausten veit me at den visnar. På same vis er det med oss menneske også. Me går gjennom livet, og opplever mykje, men me skal alle forlata dette livet ein gong. Det himmelske håpet dei to siste versa skildrar tykkjer eg er så fint. Når me trur på Jesus skal me ein gong få vakna til ein stad der død og sorg ikkje lenger finst.

**Ragnhild Gravdal sender salmestafetten vidare til Karin-Johanne Rosvold.**

**Norsk salmebok 2013 nr. 492**

**T: Johan Alfred Blomberg 1889**

**O: Anders Hoven 1927**

**M: Bjørn Eidsvåg 1969**

*Ein fin liten blome i skogen eg ser,  
I granskogen diger og dryg  
Og vent mellom mose og lyng han seg ter  
Han står der så liten og blyg.*

*Sei ottast du ikkje i skogen stå gøymd  
Der skuggane tyngja deg må?  
Å nei for av Herren eg aldri vert gløymd  
Til ringaste blom vil han sjå.*

*Men ynskjer du ikkje i prydhagen stå  
Der folk kunne skoda på deg?  
Å nei eg trivst best mellom ringe og små  
Eg føddest til skogblome eg.*

*Ein dag vil den stormande vinter deg nå,  
Då vert det vel dødsdagen din?  
Då kviler eg lunt og har snøkåpa på  
Til vårsola kysser mitt kinn.*

*Eit bod frå min Herre du blome meg ber,  
Om einsleg eg vert på min veg,  
Så veit eg at Herren vil vera meg nær.  
Gud Fader han vernar og meg.*

*Om enn eg er liten har Herren meg kjær  
Med honom eg kjenner meg sæl.  
Kvar morgon meg bøna til himmelen ber,  
Med bøna eg sovnar kvar kveld.*

*Ein kledning eg fekk av min frelsarmann kjær  
I blodet hans reinsa den er.  
Den høver for himlen der gullgater er.  
Den høver for vandrainga her.*

*Som blomen om vinteren visnar eg av,  
Men gled meg for då står eg brud.  
Lat lekamen kvila med fred I si grav.  
Mi sjel ho er heime hos Gud.*

*Ja glad skal eg vakna hos Jesus ein gong  
I morgonen æveleg klår.  
Og blanda med heilage englar min song.  
I himlen dit døden ei når.*



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Veggen i Vaksdal. Det er sjølvsagt livs- og trusveggen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg *Veggen i Vaksdal* på Facebook! 

## Babysong, Lunsjtreff og Småbornssong på Dale

Måndag 22.august prøvde me for fyrste gong ut eit nytt konsept i Dale bedehus: Babysong (kl.10-11), Lunsjtreff (11-12.30) og Småbornssong (12.30-13.30). Kristin og medhjelpar Kristi var ganske spente på om det kom nokon i det heile teke i det fine veret, men det vart ein fin gjeng som var med på babysong og lunsjtreff, og ein like fin, men litt mindre, gjeng som var med på småbornssong. I babysong er det jo meir foreldre som syng til borna sine, medan ein i småbornssong legg opp til at borna etter kvart kan delta med song/lydar og rørsler sjølv. Dette fungerte veldig fint, og borna som var med var aktive – spesielt når det kom kjende songar... Ein vil fylgja mykje det same opplegget over

tid, så då vert alle songane etter kvart kjende songar som borna kjenner og syng/beveger seg til. Me håpar at dette er eit tilbod som heimeværande foreldre med born under skulealder kan synast er fint, og ikkje minst er det ein fin sjans til å treffa andre småbornsforeldre. (Når me skriv foreldre, er det jo mest mødre som dukkar opp, men me har faktisk hatt innom fedre òg, altså! Det er fullt lov for dei å koma òg) Opplegget vil halda fram i Dale bedehus fram til haustferien, og vera i Vaksdal kyrkje etter haustferien.

Sjå fullt program under.

*Glede og såpeboblar under babysongen.*



## Born frå Korskulen deltok på Korsommarskule i Kristiansand

Fyrste veka i august var det heile 115 born som deltok på Korsommarskule

i Lund Kyrkje i Kristiansand. Dette var i regi av Ung Kirkesang, som også

Korskulen i Vaksdal er innmeldt i. Me sende òg nokre deltakarar til Sørlandet, og

dei trivdes veldig godt!



Under seglet.

# Segltur med Skutefolket og

Ein måndag i august var eit knippe tolvåringar på segltur i Veafjorden. Turen var eit samarbeid med Skutefolket som driftar Brøvikaskuta (bygd av Hans Brørvik, etter tradisjonell modell), og trusopplæringa vår - Veggen i Vaksdal. Me hadde fint ver, noko som eigentleg var litt dumt, si-

dan me trengde vind for å segla... Så me «juksa litt» i starten, og måtte bruka påhengsmotoren for å få litt fart på skuta. Me prøvde å fiska - med lite hell. Kanskje me heller burde kasta snøret på andre sida av båten? Så prøvde me å ro, med nokre digre årer! Med fire born og ein vaksen på kvar

åre gjekk det på fram - til me vart for slitne.

Etter kvart blas det litt opp, og me fekk nok vind til å heisa segla. Mannskapet var rutinerte, og både dei og borna var i aksjon for å få segla opp. Me vart belønna med at segla fylte seg med vind, og båten segla mot Kvamsholmen der me skul-

le eta. Det var spennande å sjå korleis det verka, og artig å sjå kor effektivt det faktisk gjekk - heilt utan ein lyd! Det var så stilt at Kristin nytta høvet til å fortelja ei bibelhistorie der ein sjø og ein båt var viktige ingrediensar. Brøvikaskuta er nok ikkje heilt ulik båtene som vart brukte på Jesus





Spleising av tau.



Borna fekk prøve å ro.



Andakt.



Grilling på Kvammeholmen.

## 12; tolvåringar

si tid, sjølv om dei nok var kortare og ein god del smarlare, så ein kan på ein måte seie at dei som var med på turen fekk vera «læresveinar for ein dag».

Vel på land stilte Skutefolket med bål, pølser og brus, og det var ei kjekk stund på holmen! Då det nærma seg at me skulle utpå igjen, var

nesten alle borna komme i båten allereie. Tydeleg at der var det kjekt å vera! Då me var godt utpå igjen, segla me meir, og fekk læra å spleisa tau – noko som var litt vanskelegare enn det såg ut som... Me rakk ei bibelhistorie til på veg mot land, og Tone Synnøve leia oss i fin song då me entra

kaien. Då var nye venskap knytte, på tvers av bygdene, og kanskje litt på tvers av generasjonane òg?

Dette var jo eit slags «prøveprosjekt», for å sjå om dette er noko ein kan gjera fleire gongar, og tilby fast til ei aldersgruppe som eit ledd i trusopplæringa vår. Erfaringa var god, og me

har fått tilbakemeldingar på at borna koste seg (det såg me i grunn òg). Difor satsar me på at me kan tilby dette til neste års tolvåringar òg, og håpar det er noko dei har lyst til!



## Kva skjer på VEGEN framover?

### Babysong, Lunsjtreff og Småbornssong på Dale og Vaksdal

Dette har me skrive ein del om på side 7, så me tar kortversjonen her: Kvar måndag fram til haustferien er det Babysong, Lunsjtreff og Småbornssong på Dale. Etter haustferien er det same opplegg, men då flyttar me til Vaksdal kyrkje og er der kvar måndag ut november. Opplegget er slik:

**10- 11.10:** Babysong: Opplevingsrike samlingar for dei minste. Frå ti til ca halv elleve er kaffien klar, etter kvart som folk kjem. Halv elleve startar me sjølve opplegget, som held på ca 40 min.

**11.10-12.30:** Lunsjtreff: Uformell møteplass for småbornsforeldre. Ta med niste, me lagar kaffi/te og har frukt på bordet. Mat, prat og leik, ved bordet og på golvet.

**12.30-13.30:** Småbornssong: Songstund med rørslesongar, instrument og levande bibelforteljing.

Obs: Er du interessert i å vera med? Leit fram Facebook-gruppa «Babysong, Lunsjtreff og Småbornssong i Vaksdal» og spør om å få bli medlem. Her minnar me om samlingane, og legg ut oppdatert info. Er du ikkje på facebook, men vil ha eventuell info? Ta kontakt med Kristin på 95766379, så lagar me ei sms-ordning.

### Baby- og småbarnssong på Stamnes og i Eksingedalen

**Baby- og småbarnssong** i kjellaren i Stamnes bedehus er tradisjonsrike månadlege samlingar som har halde på i over ti år. Dette er ei blanding av babysong og småbarnssong, sidan det er ope for alle. Ein inviterer òg inn nokre born frå barnehagen i bygda. I haust overtek Kristin Audestad samlingane etter Tone Synnøve Øygard Steinkopf, som er i permisjon. Datoane i år vert **1. september, 6. oktober og 10. november, kl. 10-12** (med atterhald om endringar).

Me prøver også ei samling med **baby- og småbornssong i Eksingedalen** i haust, det skjer i samband med gudstenesta i Eksingedalen kyrkje **30. oktober klokka 11**, og er tenkt for aldersgruppa 0-6 år.

**Bergsdalsstemna** - niaringar spesielt inviterte **Jordbærjazz** går i år tilbake til si tidlegare form: Bergsdalsstemna, som vert arrangert søndag **4. september**. Her vert niaringane i kommunen invitert til å vera med, spesielt til ei rebusløype som ein lagar til utanfor kyrkja etter gudstenesta.

### Korskulen i Vaksdal

Stamnes barnekor held fram på tradisjonelt vis i haust, med ny dirigent: Hege Eide Vik. Dei har korøving for born primært mellom fire og ni år i Stamnes bedehus på torsdag ettermiddagar, og startar sannsynlegvis sesongen midt i september. Meir info kjem på Veggen i Vaksdal-sida på Facebook, og på plakatar.

Korleis det vert med barnekora på Dale/Stanghelle og Vaksdal, veit me enno ikkje. Me ynskjer at dei framleis skal eksistera, men det er vanskeleg å vita sikkert om me får det til. Me kjem til å annonsera det på «Veggen i Vaksdal»-sida på Facebook når me veit noko meir, og også med plakatar.

### Utdeling av fireårsbøker

Det er sjølv sagt utdeling av fireårsbøker som vanleg i haust, og i samband med dette, vert det samlingar der borna får laga seg fine adventskalendarar. Dette pleier å vera kjekke samlingar! De som er fire år får brev i posten når det nærmar seg utdelinga. Det vert utdeling av fireårsbok under gudstenestene den 23. oktober for Vaksdal (kl.11) og Stamnes (kl. 16).

### Utdeling av NT og leir for tiåringar

Nytestamentet skal også delast ut, og tiåringane på Vaksdal og Stamnes får den på gudstenester 13.november. På Eidsland vert det utdeling den 16.oktober. Dale- og Stanghelleborna får Nytestamentet i slutten av Januar, i samband med Lys Vaken-helg. Tiåringane vert også spesielt inviterte til Adventsleir den siste helga i november, på Fagertun i Eksingedalen. Dette arrangerer me i samarbeid med Barne- og Ungdomsrådet til Norges Samemisjon, og det er også ope for born frå fleire aldersgrupper (4.-7.klasse), så det kan vera lurt å melda seg på tidleg når ein har fått invitasjon.

# Tankar frå trusopplæraren

Jobbar du i skulen, då eller? Det spørsmålet har eg fått nokre gongar når eg seier at eg er trusopplærar. Eg skjønar jo at folk lurar, sidan dei kanskje ikkje har høyrte nett den tittelen før... Det var òg nokon (nei du, eg skal ikkje avsløra namnet ditt), som var litt provosert av at eg hadde uttalt meg i Kyrkjebladet om kva eg skulle gjera i jobben min. For slikt gjekk jo ikkje an på skulen, då skulle ein vel vera nøytral? Ja, det stemmer. Ein kan ikkje driva trusopplæring på skulen, og der er eg ikkje heller. På skulen kan elevane godt lesa og lytta til bibelhistoriar, og bli kjende med kva som ligg til grunn for den kristne trua. Det gjeld òg andre religionar, og dette er viktig for å få eit breitt perspektiv, og for å forstå korleis andre tenkjer om eksistensielle ting. Å ha fritak frå religionsundervisning trur eg ikkje er så sunt, fordi ein då vil mangla ein grunnleggjande innsikt i korleis mange menneske ser på verda rundt seg, og det kan vera ein fare for at ein dermed blir mindre to-

lerant. Det er viktig å respektera alle menneske, uansett livssyn og religiøs overtyding.

Så er det eit faktum at mange vel å døypa borna sine i Den norske kyrkja. Då svarar ein ja til at ein ynskjer at borna skal verta kristne, og tru på Jesus. Dette er ikkje berre foreldra sitt ansvar, men òg resten av kyrkjelyden/soknet. No er det slik at ein måte dette blir gjort på, er at mange sokn har sin eigen trusopplærar som er tilsett i den norske kyrkja (her har alle sokna i kommunen ein trusopplærar på deling, i 50% stilling), som på ulike måtar skal leggja til rette for at borna kan utvikla trua si, og vita meir om kva det vil seia å vera kristen.

Kristen. Smak på ordet. For meg smakar det godt. Eg kjenner mange gode menneske som kallar seg kristne. Folk som ser andre, bryr seg, visar kjærleik på ulike måtar. Og eg veit kor godt det er å ha Jesus med på laget. For andre har ordet «kristen» kanskje ein beisk smak, fordi dei kan ha truffe folk som kallar seg

kristne, men samtidig har oppført seg fordømande og sett seg sjølv over andre. Kristne har sine feil, like mange som andre. Og nokre oppfører seg absolutt ikkje slik Jesus ville at me skulle oppføra oss. Fordi me er menneske, feilar me. Men fordi me er menneske, kjem me oss òg opp att. Me har i oss ei drivkraft og ei livskraft som gjer at me kan tola mykje. Nesten alt for mykje. Og me er fulle av kjærleik til kvarandre.

Kvar kom denne kjærleiken frå? Eit smell? Kven laga i så fall smellet? Det er mange aspekt ein kan diskutera i forhold til det å vera kristen, og det som står i Bibelen. Nokre er det strid rundt, også innad i kyrkja. Men for meg handlar det å vera kristen fyrst og fremst om å tru på Jesus, at han fanst, at han døydd og stod opp att, og at han framleis er med oss. At Han vil at me skal vera glade i og snille med kvarandre, og prøva å fylgja han, så langt me klarar det.

Eventyr, seier nokon, og eg skjønar at dei tenkjer det. Dot-



tera mi låg ein kveld i senga si og grubla. Så sa ho: «I kyrkjo, dar fortell dei hjerte-eventyr, mamma. Eventyr so dei føle i hjertena sine». Og ho er jo innpå litt av greia. Det eg ikkje kan forklara. Som gjer at eg trur. For eg føler inni meg at det stemmer. Eg føler at Jesus er med meg, og vil meg vel. Eg kjenner det ikkje alltid like sterkt, men når eg treng han, så er han der. Og er glad i meg. Uansett kor mykje «toskje» eg måtte ha gjort. Eller ofte helst: kor mykje fornuftig eg ikkje har gjort...

**Kristin**



Utdeling av bok til 4-åringane  
Vaksdal: Søndag 23. oktober kl. 11.00  
Stamnes: Søndag 23. oktober kl. 16.00  
Dale: Søndag 6. november kl. 16.00  
Eksingedalen/Nesheim: Søndag 27. november kl. 16.00  
Bergsdalen: Søndag 4. desember kl. 16.00



Utdeling av Nytestamente til dei som er fødte i 2006  
Eidsland: Søndag 16. november kl. 17.00  
Vaksdal: Søndag 13. november kl. 11.00  
Stamnes: Søndag 13. november kl. 16.00  
Dale og Eksingedalen/Nesheim får sine Nytestamente i 2017

## VI TRENGER FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?  
Årlig besvarer vi omkring 200 000 henvendelser på telefon og internett, likevel er det en av tre som ikke får svar.

Les mer og meld din interesse på  
[kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

Å snakke med folk om livet gir mening.



## Kyrkjebøker i Vaksdal


Alle bøkene kan kjøpast på Kyrjekontoret

### Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år  
111 sider

### NY PRIS kr 150,-

Kan kjøpast i butikkane på Lavik.  
Kan òg kjøpast hjå boknemnda:  
Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim  
og Asbjørn Nese.



### Dei bygde draumen

(2005)

Jubileumsskrift for  
Bergsdalen kyrkje 50 år  
220 sider.

### NY PRIS kr 100,-

Kan kjøpast i Bergsdalen hjå  
medlemmene i soknerådet og i  
kyrkja.




### Kyrkjestaden Dale

(1996)

100 år  
104 sider

### Kr 50,-



### Soga om

### Stamneskyrkja (1986)

229 sider


### Kr 50,-

### Jubileumshefte for Stamnes kyrkje

### Kr 100,-

(Perioden 1986-2011)

Kan kjøpast hjå  
soknerådsmedlemmene.



CD-en kostar kr 100,-,

og kan kjøpast hjå lokale forhandlarar eller  
gjennom Kyrjekontoret

gjennom livet

## SORGGRUPPE

*Me startar opp med ny sorggruppe.  
Gruppa kjem saman for å dela  
erfaringar og opplevingar etter å ha  
mista ein av sine næraste - der kan me  
vera til hjelp og støtte for kvarandre.*

Gruppa vil møtes 10 kveldar.

Ta gjere kontakt om du trur det kan  
være noko for deg!

Diakon Sigrid Djukastein Mala,  
tlf. 478 49 134, diakon@kyrkja.no  
eller sokneprest Ivar Bu Larssen,  
tlf. 977 09 377,  
soknepresten@ulvik.kyrkja.no

**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Kyrkja i Voss**

# Kyrkjegardssteinen er på plass



No er det montert ein ny murstein til erstatning for han som forsvann - me må vel kunne seie at han vart stolen - frå muren rundt Stamnes kyrkje like før 17.mai for to år sidan. Leverandør av steinen er Sturle Hesjedal.

Han vart frakta frå han i Hesjedalen, tilpassa og montert av Frank Helge Ulevik og Kjell Arnstein Vedaa onsdag 15.juni. Soknerådet seier dei ein stor takk!

## KYRKJA I VAKSDAL



- VEGEN I VAKSDAL (TRUSOPPLÆRINGA)
- KYRKJENE I VAKSDAL
- BERGSDALEN KYRKJE

Det finst og andre sider med og om kyrkjene i Vaksdal, men dei er generert av andre, til dømes Facebook sjølv.



Følg oss på sosiale medier:



/sjomannskirken

[www.sjomannskirken.no](http://www.sjomannskirken.no)



### Stamnes bedehus

**Torsdag 22. september kl. 19.00**

Møte ved Reidun Skurtveit

**Torsdag 11. november kl. 19.00**

Møte ved Leiv Nesheim

### FELLES MØTEVEKE

**13.-16. september kl. 19.00:**

Tale v/Leiv Nesheim



### Stanghelle bedehus

**Laurdag 22. oktober kl. 16.00**

BASAR. Tale ved Gunnvor Fyllingsnes

**Onsdag 26. oktober kl. 19.00**

Møte ved Christian Skoge

**Onsdag 30. november kl. 19.00**

Møte ved Ole Corneliusen



### Vaksdal bedehus

**Storsamling søndag kl. 11.00**

Søndagsskule i kjellaren same dag kl. 11.30

**18. september:** Tale ved Ole Corneliusen

**16. oktober:** Tale ved Audun Hjelvik

**6. november:** Tale ved Olav Andre Soltveit



### Dale bedehus

**Onsdag 21. september kl. 19.00**

Møte ved Reidun Skurtveit

**Laurdag 29. oktober kl. 16.00**

BASAR. Tale ved Reidun Skurtveit

BIBELHELG ved Ole Corneliusen

**Laurdag 12. og søndag 13. november, begge dagar kl. 18.00**

## TOMME- STOKKEN BYGG AS

Vi har stillas  
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680

## ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no



## Liv Anne's AS

Kafé – Bakeriutsalg – Catering  
5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle  
Kaldtbord  
Snitter

Minnesamvære:  
• Dekking  
• Mat  
• Servering



- vi gir morgendagen nye muligheter

**coop  
prix**

Opningstider:  
Mån-laur 8-20  
Søn 12-20

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

## SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan  
elektrikartenester.  
Tlf. 56 59 43 00

 SparebankenVest  
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

## VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -  
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

## Ve vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleastallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66      www.vangen-elektriske.no

## GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyelser • Omslip  
Restaurering • Bolting • Oppretting

**STEINRIKET  
DALE AS**

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

# SLEKTERS GANG



## DØYPTE

### Dale

14.08 Mali Dahle Sandvik

### Stammes

12.06 Johannes Knutsen

21.08 Linnea Langeland

### Vaksdal

26.06 Lilly Thom Ridd



## DØDE

### Dale

03.06 Olav Laastad 1924

18.06 Kjell Johannessen 1926

23.06 Mary Lilletvedt 1921

07.07 Thorvald Kvamme 1929

26.07 Arnhild Kjøndal 1945

23.08. Arild Nottveit 1963

### Stammes

09.06 Torleiv Vassenden 1935

11.06 Borgny Gladis Hesjedal 1925

28.07 Dagny Grøsvik 1929

13.08 Johannes Kaland 1938

### Vaksdal

25.07 Alfrida Stürtzel 1925



## VIGDE

### Bergsdalen

25.06 Robert Vørøs og Linda Bjørvik

16.07 John Trygve Thom Helle og Maria Kolgrov Strand

### Stammes

23.07 Pål Malmin og Solbjørg Vassenden

### Vaksdal

18.06 Håkon Svensson Kinsarvik og Linda Gjerde  
Økland (i Myking kyrkje)

02.07 Hans Wilhelm Rossvoll-Hontvedt og  
Ingunn Dale



## Bergsdalstunet

Bergsdalstunet  
56 59 89 34

**Effektiv**  
**trafikkopplæring**

Tlf. 913 03 491  
geir@effektivtrafikk.no  
www.effektivtrafikk.no

**Alt innan tømrararbeid**



**TLF. 922 65 739**



## VELKOMEN TIL KYRKJA

**Søndag 11. september** - 17. sønd. i treeiningstida  
 EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11:00. Hausttakkefest. Kvamsøe.  
 Nattverd. Kyrkjekaffi.  
 STANGHELLE BEDEHUS kl. 16:00. Familiegudsteneste.  
 Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Søndag 18. september** - 18. sønd. i treeiningstida  
 STAMNES KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Bø. Nattverd. Dåp.  
 VAKSDAL KYRKJE kl. 16:00. Ung Messe. Kvamsøe og konfir-  
 mantane som har vore på leir. Nattverd. Dåp.

**Søndag 25. september** - 19. sønd. i treeiningstida  
 DALE KYRKJE kl. 16:00. Ung Messe. Bø og konfirmantane  
 som har vore på leir. Nattverd. Dåp.

**Søndag 2. oktober** - 20. sønd. i treeiningstida  
 VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Bø. Nattverd. Dåp.  
 50-årskonfirmantane.

**Søndag 9. oktober** - 21. sønd. i treeiningstida  
 DALE KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.  
 Dåp. 50- og 60-årskonfirmantane.

**Søndag 16. oktober** - 22. sønd. i treeiningstida  
 EIDSLAND KAPELL kl. 17:00. Familiegudsteneste. Bø.  
 Nattverd. Dåp. 10-åringane på Eidsland er innbedne for å få  
 Nytestamente. Kyrkjekaffi.

**Søndag 23. oktober** - 23. sønd. i treeiningstida  
 VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Familiegudsteneste. Audestad  
 og Bø. Nattverd. Dåp. 4-åringane er innbedne for å få bok.  
 Kyrkjekaffi.  
 STAMNES KYRKJE kl. 16:00. Familiegudsteneste. Audestad  
 og Bø. Nattverd. Dåp. 4-åringane er innbedne for å få bok.  
 Kyrkjekaffi

**Søndag 30. oktober** - Bots- og bededag  
 EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Kvamsøe.  
 Nattverd. Dåp. Kyrkjekaffi.  
 BERGSDALEN KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.  
 Dåp. Kyrkjekaffi.

**Søndag 6. november** - Helgemessesøndag  
 NESHEIM KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Kvamsøe. Natt-  
 verd. Dåp. Kyrkjekaffi.  
 DALE KYRKJE kl. 16:00. Familiegudsteneste. Kvamsøe. Natt-  
 verd. Dåp. 4-åringane er innbedne for å få bok. Kyrkjekaffi.

**Søndag 13. november** - 26. sønd. i treeiningstida  
 VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Familiegudsteneste. Kvamsøe.  
 Nattverd. Dåp. 10-åringane er innbedne for å få Nytestamen-  
 te. Kyrkjekaffi.  
 STAMNES KYRKJE kl. 16:00. Familiegudsteneste. Kvamsøe.  
 Nattverd. Dåp. 10-åringane er innbedne for å få Nytestamen-  
 te. Kyrkjekaffi.

**Søndag 20. november** - Siste søndag i kyrkjeåret  
 Ingen gudstenester i Vaksdal

**Søndag 27. november** - 1. sønd. i adventstida  
 EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 16:00. Lysmesse. Kvamsøe, born  
 og unge. 4-åringane i Eksingedalen er innbedne for å få bok.  
 Kyrkjekaffi.  
 STAMNES KYRKJE kl. 16:00. Lysmesse. Bø og konfirmantane.  
 VAKSDAL KYRKJE kl. 19:00. Lysmesse. Bø og konfirmantane.  
 DALE KYRKJE kl. 20:00. Lysmesse. Kvamsøe og konfirman-  
 tane.

*Dåp = Høve til dåp i gudstenesta. Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag og på [www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no) og for eventuelle endringar.*



# Bunad og stakkastove as

*ny bunad*

*omsøm*

*bunadsøle*

*tilbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00*

*Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen*

*[www.bunadogstakkastove.no](http://www.bunadogstakkastove.no)*